



NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet

Vedlegg nr. 2

Saksbehandlar:
Synnøve Vilsvik
Vår dato: 11.06.2026

Sak 34/26 Økonomirapportering for Miljøløftet per 1.tertial 2026

Bakgrunn

Denne saka gir ei oversikt over årsprognose for alle prosjekt med aktivitet i inneverande år i Miljøløftet. Prosjekta er vedtatt av styringsgruppa til Miljøløftet gjennom årleg rullering av handlingsprogrammet. Det er år 2026 i handlingsprogram 2026-2029 som er utgangspunkt for rapporten, men nokre prosjekt kan også tilhøyra tidlegare handlingsprogram. Rapporten er sortert etter dei ulike finansieringskjeldene i Miljøløftet.

Økonomirapporteringa per 1. tertial byggjer på rapporter levert av partane som har prosjekteigaransvar for ulike prosjekt og tiltak. Det er viktig å merke seg at fleire av rapportane ikkje nødvendigvis har vore målretta mot Miljøløftet, men at dei er del av den formelle rapporteringa frå organisasjonen mot staten og/eller internt i eiga linje. Sekretariatet tilpassar rapportane og legg til rette for at styringsgruppa i Miljøløftet får nødvendig oversikt og dermed har grunnlag for å kunne drive ansvarleg porteføljestyling. I nokre tilfelle har det blitt etterspurt ytterlegare informasjon for å avklare utydelegheiter. Saka byggjer med dette på rapportering basert på gjeldande økonomirapporteringsrutinar, vedtekne av styringsgruppa i desember 2021, sak 73/21.

Innhold

Sak 34/26 Økonomirapportering for Miljøløftet per 1.tertial 2026	1
Bakgrunn.....	1
Oppsummering.....	3
Overordna prognose pr. 1. tertial 2026 for byvekstavtalen	4
Årsaker til mindreforbruk i 2026.....	4
Post 30 Programområdemidler	6
Post 30 på riksveg	6
Post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg	7
Post 66 Belønningsmidlar og bompengeforliket	9
Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk	10
Tilskot til reduserte billettprisar	10
Tilskot til betre kollektivtilbod	10
Belønningsmidlar til kommunane	10
Fylkeskommunalt bidrag.....	12
Bypakke Bergen.....	15

Oppsummering

Prognosen for byvekstavtalen viser eit venta mindreforbruk på totalt 243,7 mill. i 2026. Det største avviket er på post 30 (riksveg og fylkes-/kommunal veg) med totalt 161 millionar, medan post 66 (belønningsmidlar og bompengeforliket) har eit venta mindreforbruk på til saman om 54 millionar. For det fylkeskommunale bidraget er det venta eit mindreforbruk på 28 mill.

Nedanfor følgjer ei oppsummering av dei viktigaste momenta frå rapporten:

- **Mindreforbruk på post 30 riksveg og kostnadsauke på to prosjekt:** Årsprognosen for post 30 på riksveg viser eit venta mindreforbruk på om lag 49 mill. Samstundes er det meldt om venta kostnadsauke på 65 mill. for *Nesttun – Skjold* og om lag 10 mill. for *Bradbenken – Glassknag*.
- **Størst mindreforbruk på post 30 til 66 lokalveg og kostnadsauke på eitt prosjekt:** Årsprognosen viser eit venta mindreforbruk på om lag 112 mill. i 2026. Av dette er om lag 38 mill. varige innsparingar frå ferdigstilte prosjekt, medan dei resterande 74 mill. i hovudsak skuldast forseinkingar i prosjektgjennomføring. To prosjekt er råka av konkurs hos entreprenør, noko som påverkar framdrifta på desse. På prosjektet *Eablering av trafikkssikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen* er det meldt om ein auke i totalkostnader på om lag 53 mill.
- **Mindreforbruk på post 66 til kollektiv:** Årsprognosen for post 66-midlar til kollektiv tilseier at det vil stå om lag 39 mill. på fond hos fylket ved utgangen av året. 25 mill. av mindreforbruket er planlagt for å sikre framtidig drift av kollektiv, medan resten er knytt til lang leveringstid på utstyr til vedlikehald av investeringsmessig karakter på bybanen.
- **Belønningsmidlar til kommunane blir i stor grad nytta i 2026:** Årsprognosen viser eit venta forbruk på 67 mill. og eit mindreforbruk på om lag 15 mill. Kommunane planlegg å bruke opp belønningsmidlane som står på eigne fond innan utgangen av året, medan det framleis er venta å stå att midlar på fond hos fylkeskommunen ved årsslutt.
- **Mindreforbruk på det fylkeskommunale bidraget:** Årsprognosen for det fylkeskommunale bidraget er om lag 343 mill. i 2026, som tilseier eit mindreforbruk på 28 mill. samanlikna med årets løyving. Fylkeskommunen rapporterer at mindreforbruk i hovudsak kjem av endra framdrift og forseinkingar i fleire tiltak.
- **Prognose for bompengeinntekter og venta saldo i Bypakke Bergen:** Prognosen for netto bompengeinntekter i 2026 er 1,078 mrd. Dette er noko høgare enn det som vart lagt til grunn i handlingsprogrammet, som følgje av auka elbiltakst og høgare trafikkvekst enn venta. Prosjekt som blir finansiert av bompengar i 2026 er *Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid* og *Forberedende arbeid Bybanen V*, med samla kostnader på 236 mill. Dette gir ein venta saldo på 842 mill. i bompengeinntekter ved årsslutt.

Overordna prognose pr. 1. tertial 2026 for byvekstavtalen

Tabell 1 viser at prosjekta i byvekstavtalen har ei samla løyving på om lag 1,3 mrd. i 2026, i tillegg til overførte midlar frå tidlegare år på 314 mill. Ved 1. tertial er årsprognosen nærare 1,4 mrd. Det venta mindreforbruket på 243,7 mill. kjem hovudsakleg av forseinkingar i prosjektgjennomføring, både frå tidlegare og inneverande år. Til samanlikning var mindreforbruket i 2025 på 271 mill.

Mindreforbruket fordeler seg slik:

- Post 30 riksveg: **48,7 mill.**
- Post 30 til 66 lokalveg: **112,3 mill.**
- Post 66 belønningsmidlar og bompengeforliket: **54,2 mill.**
- Fylkeskommunalt bidrag: **28,5 mill.**

Årsaker til mindreforbruk i 2026

1. Forseinkingar i prosjektgjennomføring

- Etterslep frå tidlegare år: Nokre prosjekt har blitt forseinka over tid, og dette påverkar framdrifta også i 2026.
- Nye forseinkingar i inneverande år: Det har oppstått nye forhold som har forseinka framdrifta, slik at midlar ikkje blir nytta som planlagt, mellom anna grunna konkurs hos entreprenør.

2. Varig innsparing på ferdige prosjekt

- Ein del av mindreforbruket skuldast lågare kostnader enn planlagt på ferdige prosjekt. Desse midlane vil bli overført til prosjekt spelt inn til statsbudsjettet 2027.

3. Planlagt mindreforbruk

- Ein del av mindreforbruket er planlagt for å sikre midlar til framtidige driftskostnader for kollektivtransport.

Av det samla mindreforbruket er 37,8 mill. varige innsparingar frå ferdige prosjekt, medan 25 mill. er planlagt.

Finansieringskjelde	HP26-29 år 2026	Løyving 2026	Overført frå tidl. år	Til disposisjon 2026	Årsprognose v/T1	Avvik	Kommentar
Post 30: Programområdemidlar riksveg	159 500	111 500	129 277	240 777	192 055	48 722	Avvik skuldast lågare framdrift og forseinkingar frå tidlegare år på to av prosjekta.
Post 30: Programområdemidlar kommunal og fylkesveg	161 600	162 800	55 998	218 798	106 495	112 303	Om lag 38 mill. av avviket skuldast mindreforbruk på avslutta prosjekt. Resterande avvik er knytt til forseinka oppstart og gjennomføring på fleire av prosjekta, delvis grunna konkurs hos entreprenør.
Post 66: Belønningsmidlar til tilskotsordningar i byområde:							
Kommunane	51 600	47 630	34 488	82 118	67 194	14 924	Kommunane planlegg å bruke opp midlar på eige fond i løpet av året. Det er samstundes venta å stå att om lag 15 mill. på fond hos fylket ved årsslutt.
Drift av kollektivtrafikk i Bergen (Skyss)	404 000	392 369	32 611	424 980	400 000	24 980	Mindreforbruket til Skyss er planlagt for å sikre framtidige driftskostnader for kollektivsystemet.
Post 66: Betre kollektivtilbod	136 000	136 000	61 869	197 869	183 569	14 300	Avviket skuldast lang leveringstid på utstyr som skal finansiere vedlikehald av investeringsmessig karakter på bybanen.
Post 66: Reduserte billettprisar til kollektivtrafikk	61 000	62 500	0	62 500	62 500	0	
Fylkeskommunalt bidrag	367 800	371 420	0	371 420	342 900	28 520	Avvik skuldast i hovudsak forseinkingar knytt til reguleringsarbeid og utlysingar, samt konkurs hos ein av entreprenørane. Fleire prognosar er usikre.
Sum byvekstavtalen	1 341 500	1 284 219	314 243	1 598 462	1 354 713	243 749	

Tabell 1 - Oppsummeringstabell byvekstavtalen (tal i heile 1000-kr)

Post 30 Programområdemidler

Post 30 på riksveg

Tabell 2 viser total- og årsprognose for prosjekt finansiert av post 30-midler på riksveg i 2026. Statens vegvesen har levert oppdatert status og avviksforklaringar. Det er tre prosjekt som har løyving i årets statsbudsjett over denne finansieringskjelda.

Total- og årsprognose

Når det gjeld prognosen for totalkostnad for prosjekt finansiert over post 30 på riksveg, er det meldt om endringar for to prosjekt. For sykkelstamvegprosjektet *Nesttun – Skjold* er det gjennomført eit revidert anslag, der førebelse tal viser ein auke på 65 mill. For sykkelstamvegprosjektet *Bradbenken – Glassknag* er det venta ein kostnadsauke på om lag 10 mill., men prognosen er framleis uviss.

Årsprognosen for post 30 riksveg viser eit mindreforbruk på 49 mill. Avviket er i hovudsak knytt til prosjekta *Nesttun – Skjold* og *Bradbenken – Glassknag*. For *Nesttun – Skjold* er det venta eit mindreforbruk på 38,5 mill. som følgje av forseinkingar frå 2025. For *Bradbenken – Glassknag* er det venta eit mindreforbruk på 10,5 mill. grunna lågare framdrift i entreprisen, mellom anna som følgje av utfordringar med grunnforhold og trafikkavvikling ved arbeid langs Reperbanen.

Prosjekt	Totalkostnad HP26-29	Prognose totalkostnad	Til disposisjon 2026	Rekneskap pr. 30.04.26	Årsprognose v/T1	Avvik
E39 Osbanen, Nesttun - Skjold	421 300	472 000	168 553	47 607	130 000	38 553
E39 Bradbenken - Sandvikstorget - Glassknag	230 200	235 000	59 580	21 934	49 000	10 580
Trafikktiltak Nygårdstangkryss/Fjøsangerveien	14 000	14 000	12 644	1 774	13 055	-411
Sum post 30 - riksveg	665 500	721 000	240 777	71 315	192 055	48 722

Tabell 2 - Prognose for prosjekt finansiert av post 30-midler til riksveg (tal i heile tusen kr)

Post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg

Tabell 3 viser total- og årsprognose for prosjekt finansiert over post 30 til 66 på fylkes- og kommunalveg. Tabellen omfattar elleve prosjekt med midlar over statsbudsjettet 2026, samt tre prosjekt som er avslutta med varig innsparing. Kommunane og fylkeskommunen har levert prognosar til Statens vegvesen, som igjen har sendt samla prognose til sekretariatet. Denne ligg til grunn for tabell 3.

Total- og årsprognose

Når det gjeld totalprognosen for prosjekt finansiert over post 30 på lokalveg, er det meldt om endring for eitt prosjekt: *Eablering av trafiksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen*. Ny totalprognose er 231,8 mill., som er ein auke på om lag 53 mill. sidan førre rapportering. Auken kjem av konkurs hos entreprenøren, og prognosen er framleis usikker. Fylkeskommunen opplyser at prosjektet derfor må lysast ut på nytt, og at dei vil kome tilbake med ei sak om prosjektet på eit seinare tidspunkt.

Årsprognosen viser eit venta mindreforbruk på om lag 112 mill. i 2026. Av dette kjem 38 mill. frå varige innsparingar på dei ferdigstilte prosjekta *Kvernhusdalen*, *Grønamyrsvegen sentrumsgate* og *Kleppevegen ved Myrane*. Sistnemnde er råka av konkurs hos entreprenør, og sluttoppgjeret er framleis ikkje ferdigstilt. Prognosen er derfor usikker. Dei resterande 74 mill. skuldast forseinkingar i prosjektgjennomføring. Også for prosjektet *Eablering av trafiksikker og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen* har konkurs hos entreprenør ført til endra framdrift og usikker prognose.

Sjå tabell 3 for meir detaljar per prosjekt.

Prosjekt	Totalkostnad HP (kun post 30)	Prognose totalkostnad (alle fin.kilder)	Til disposisjon 2026	Årsprognose v/T1	Avvik	Kommentar
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkøyrlesanering	11 500	21 200	9 500	9 500	0	
Kv1023, Kv1056, Knarvikplanen, gang- og sykkelveier	30 400	30 000	11 758	6 000	5 758	Avviket skuldast i hovudsak at delprosjektet <i>Heving av Kvassnesvegen</i> har forseinka oppstart som følgje av behov for koordinering med det tilgrensande bustadsprosjektet til ekstern utbyggjar.
Ostereidet/Lindsdalen, fortau	28 700	41 400	6 100	6 100	0	
Utbedring av Sagstadvegen i tidl. Meland	37 700	51 300	8 500	8 500	0	
Kvernhusdalen	25 600	19 300	942	-	942	Prosjekt avslutta. Mindreforbruk blir overført til prosjekt spelt inn i 2027.
Kleppevegen ved Myrane	147 450	202 400	19 700	-	19 700	Prosjekt avslutta, sluttoppgjer ikkje ferdig då entreprenør gjekk konkurs. Det er framleis sannsynleg at det blir ei varig innsparing på prosjektet, men ramma kan ikkje takast ytterlegare ned før sluttoppgjeret er klart. Mindreforbruk blir overført til prosjekt spelt inn i 2027.
Johan Berentsens vei - etablering av fortau	45 300	45 300	18 300	10 100	8 200	I høve til tidlegare framdriftsplan har byggjestart blitt utsett med 6 mnd.
Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen	153 900	231 800	62 609	23 009	39 600	Konkurs hos entreprenør gjer at både total- og årsprognose er usikker. Tilhøve rundt konkursen er ikkje avklart. Tidlegare meld framdrift er forandra, og det er uklart når tiltaket vil bli ferdigstilt.
Sykkelparkering	3 200	3 200	3 200	1 000	2 200	Det blir kjøpt inn sykkelboksar, men vil planlegge andre løysingar også.
Snarvegar Osøyro	10 400	10 500	10 500	5 000	5 500	I gang med anbod, men ser at ein ikkje klarer å gjennomføre alle snarvegprosjekta i år.
Ferstadvegen	4 100	4 200	4 200	1 000	3 200	Det blir utført mindre endringar etter forenkla prosess. Må prosjektere og lyse ut tiltaket. Kjem truleg i gang med tiltaket i år, men sluttrekning kjem i 2027.
Skogsskiftet sentrumsområde	136 400	175 000	25 000	15 000	10 000	Tiltaket fekk ikkje midlar i RNB 2025 og framdrifta har vore redusert som følgje av dette. I samband med innspel til RNB 2026 melde VLFK at tildelinga kunne reduserast med 10 mill. (frå 25 mill. til 15 mill.). SVV har meldt inn eit nedtrekk i RNB på 10 mill. på prosjektet.
Grønamyrsvegen sentrumsgate	71 100	40 400	20 777	4 886	15 891	Prosjekt avslutta, sluttoppgjer på 4,9 mill. utbetalt. Mindreforbruk blir overført til prosjekt spelt inn i 2027.
Bildøyvegen/Straumsundet bru	205 400	256 000	16 400	16 400	0	
Mindreforbruk lokal veg (til omdisponering)			1 312	-	1 312	Mindreforbruk frå avslutta prosjekt. Blir overført til prosjekt spelt inn i 2027.
Sum post 30 til 66	911 150	1 132 000	217 486	106 495	112 303	

Tabell 3 - Prognose for prosjekt finansiert av post 30 til 66-midlar til fylkes- og kommunalveg (tal i heile 1000-kr)

Post 66 Belønningsmidlar og bompengeforliket

Tabell 4 gir ei oversikt over prognose for bruk av belønningsmidlar over post 66 i 2026. Årsprognosen for post 66-midlar tilseier at det vil stå om lag 54 mill. på fond hos fylket ved utgangen av 2026, fordelt mellom Skyss og kommunane. Avvika blir forklart nærare i dei neste avsnitta.

Post 66 - Belønningsmidlar og bompengeforliket	VLFK Fond 31.12.25	Løyving 2026	Til disposisjon 2026	Prognose 2026	Avvik
Belønningsmidlar	48 963	439 999	488 962	449 050	39 912
Skyss	32 611	392 369	424 980	400 000	24 980
Bergen	207	33 295	33 502	31 888	1 614
Alver	6 653	3 447	10 100	4 830	5 270
Askøy	6 082	3 461	9 543	4 275	5 268
Bjørnafjorden	977	2 915	3 892	3 892	-
Øygarden	2 433	4 512	6 945	4 165	2 780
Tilskot til reduserte billettprisar	-	62 500	62 500	62 500	-
Tilskot til betre kollektivtilbod	61 869	136 000	197 869	183 569	14 300
KDP Vest	1 369	6 500	7 869	7 869	-
Førebuande arbeid og personellressursar, planlegging BT5	-	12 000	12 000	12 000	-
Prosjekt for innkjøp nye bybanevogner	-	15 000	15 000	11 715	3 285
Redusert uttak av bompengar	-	102 500	102 500	102 500	-
Vedlikehald av investeringskarakter	50 000	-	50 000	35 700	14 300
Gangtilkomst til bybanehaldeplassar	10 500	-	10 500	10 500	-
Straksinnløyising sykkelveg	3 285	-	3 285	3 285	-
Planlegge/gjennomføre innkjøp vognmateriell	- 3 285	-	- 3 285	-	- 3 285
Sum	110 832	638 499	749 331	695 119	54 212

Tabell 4 - Belønningsmidlar og bompengeforliket (tal i heile 1000-kr)

Belønningsmidlar til drift av kollektivtrafikk

Prognosen er i tråd med Skyss sin langsiktige plan for bruk av belønningsmidlar, jf. sak 50/24 i styringsgruppa.

Tilskot til reduserte billettprisar

Midlane blir brukt til reduksjon av pris på periodebillett i 2026.

Tilskot til betre kollektivtilbod

Årets løyving skal nyttast i samsvar med tabell 4. Ein del av tilskotet blir brukt til bybanen, noko som reduserer behovet for uttak av bompengar. Avviket på 14,3 mill. kjem av lang leveringstid på utstyr til vedlikehald av investeringsmessig karakter på bybanen. Det er totalt sett av 50 mill. til tiltaket, der 35,7 mill. er venta brukt i 2026 og 14,3 mill. i 2027.

Belønningsmidlar til kommunane

Tabell 5 gir ei oversikt over kva prosjekt kommunane nyttar belønningsmidlar til i 2026. Årsprognosen viser eit venta forbruk på 67 mill. og eit mindreforbruk på om lag 15 mill. Kolonnen «Behov for utbetaling 2026 pr. T1» viser venta utbetalingsbehov frå fylkeskommunen for å dekkje projektkostnader i kommunane, ettersom fylkeskommunen mottok den statlege løyvinga.

Tabellen viser vidare at kommunane planlegg å bruke opp belønningsmidlane som står på eigne fond innan utgangen av 2026. Bergen kommune har rapportert at prosjektet «Sykkeltiltak Krohnåsveien» er forseinka grunna behandlingstid knytt til skiltplan. Bjørnafjorden kommune har rapportert eit venta forbruk som overstig tilgjengelege midlar.

Prosjekt	Fond kommune pr. 31.12.25	Midlar tilgjengeleg VLFK	Til disposisjon 2026	Årsprognose v/T1	Utbetalings- behov 2026 pr. T1	Avvik
Belønningsmidlar Bergen	10 803	33 502	44 305	42 691	31 888	1 614
Oppfølging av handlingsplan for sykkelsatsing i Bergen kommune				23 400		
Bysysselordningen i Bergen				5 200		
Tiltak i handlingsplan for gange				12 391		
Sykelbyavtale - Sykelbyen Bergen				1 700		
Belønningsmidlar Alver	4 405	10 100	14 505	9 235	4 830	5 270
Samlepott belønningsmidler Alver 2024				4 585		
Prosjektstiling og prosjektbistand i Alver				4 650		
Belønningsmidlar Askøy	1 793	9 543	11 336	6 068	4 275	5 268
Oppfølging av sykkelstrategi				208		
Planleggingsmidler Askøy kommune				5 860		
Belønningsmidlar Bjørnafjorden	0	3 892	3 892	3 900	3 892	-8
Ferstadvegen				500		
Sykelstrategi for Bjørnafjorden kommune				300		
Strategi for grønn mobilitet Bjørnafjorden kommune				3 100		
Belønningsmidlar Øygarden	1 135	6 945	8 080	5 300	4 165	2 780
Prosjekt "sykkelparkering" i regionsenteret				260		
Fv 209 Stovevatnet og parsell av Foldnesvegen				4 000		
Prosjektstillinger for å styrka kompetanse og gjennomføringsevne innanfor mobilitet i Øygarden kommune				1 040		
Sum belønningsmidlar til kommunane	18 136	63 982	82 118	67 194	49 050	14 924

Tabell 5 - Prognose for prosjekt finansiert av belønningsmidlar i kommunane (tal i heile 1000-kr)

Fylkeskommunalt bidrag

Tabell 6 viser ei oversikt over årsprognosen for prosjekt finansiert av fylkeskommunale midlar. Nokre av prosjekta er også finansiert av statlege post 30-midlar. På desse prosjekta dekker fylket kostnader knytt til MVA, plan og prosjektering ettersom det statlege tilskotet ikkje dekker slike utgifter.

Prognosen for det fylkeskommunale bidraget er på om lag 343 mill. i 2026, som tilseier eit mindreforbruk på 28 mill. i forhold til årets løyving. Fylkeskommunen rapporterer at mindreforbruket hovudsakleg skuldast forseinkingar knytt til reguleringsarbeid og utlysingar, samt konkurs hos ein av entreprenørane. Fleire prognosar er usikre. Sjå kommentarar i tabell 6 for meir detaljert forklaring per prosjekt.

Prosjekt	Løyving 2026	Årsprognose v/T1	Avvik	Kommentar	Totalprognose (2026-kr)
Kjøkkelvikeien samanhengande gang- og sykkeltilbod	2 000	0	2 000	Prosjektet er under regulering. Tiltaket er venta utlagt til offentlig ettersyn i 2026. Framdrifta er korrigerert i framlegg til HP 27-29. Det vert difor ingen aktivitet på byggetiltaket i 2026. Budsjettjustering vert gjennomført i løpet av 2026.	225 629
Sikker sykkelparkering Nesttun, Åsane og Bergen sentrum	1 250	1 250	0		89 010
Fv5216 Håkonshellavegen	0	6 435	-6 435	Tiltaket sto ferdig i 2024. Sluttoppgjer låg føre i 2025. I samband med endra avkjørsle knytt til privat veg står det att noko restarbeider.	
Fv5190 Apeltunvegen	30 800	24 790	6 010	Deler av tiltaket vart realisert i 2025. Utlystning av tiltaket kom noko seinare enn planlagd. Tiltaket er lyst ut. Tiltaket kjem seinar i gang enn kva som opphavelg var tiltenkt. Usikker prognose.	50 100
Fv5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien oppgradering av sykkelfelt/fartspu- ter	24 850	24 850	0		92 251
Fv5338 Nonneseter	31 000	47 600	-16 600	Tiltaket Nonneseter har varsla ei prognose som ligg 16,6 mill.kr over budsjett for 2026. Det er raskare framdrift på tiltaket enn det som vart estimert ved innmelding av budsjett 2026. Som opplyst ved levering av prosjektark des 2025 justeres periodiseringa av tildeling i takt med fremdrift.	67 500
Fv5452 Leknesvegen, fortau og avkjørslesanering	-2 250	1 545	-3 795	Forberedande arbeid er ferdig. Tiltaket har vore lyst ut og det ble gjennomført kontraktssignering med entreprenør mars 2026. Venta oppstart vår 2026 med venta ferdigstilling vår 2027.	21 151
Fv565 Manger kirke - Hesthaugen, fortau	690	797	-107		
Fv5458 Ostereidet/Lindsdalen i Alver, G/S-veg	1 150	5 832	-4 682	Planlagd ferdigstilling i løpet av 2027. Sluttoppgjer truleg i 2028. Tiltaket har lagt opp til raskare framdrift enn det som er føreset i budsjettet.	41 400
Fv5308 Utbedring av Sagstadvegen	-1 730	-11 051	9 321	Sluttoppgjer pågår. Sluttøyving i 2026.	53 080
Klostergaten, gateopprusting	5 000	3 000	2 000	Tiltaket ligg noko etter i høve til utlysning. Det er lagt opp til konkurranse med forhandlingar, med kontraktsigner etter nyttår.	85 837
Tennebakk næringsområde ombygging av kryss/avkjørsel	500	0	500	Justert framdrift er korrigerert for i framlegg til HP 27-29. Det er difor ingen aktivitet på byggetiltaket i 2026. Budsjettjustering vert gjennomført i løpet av 2026.	
Etablering av trafikksikker- og attraktiv GS- løysing langs Hatvikvegen	34 910	-5 073	39 983	Tiltaket starta opp i mars 2024. Opphavelg trafikkopning var sett til hausten 2026. Konkurs hos entreprenør Bertelsen og Grapestad gjer at prognosene er usikre. Tilhøva rundt konkurransen er ikkje avklart. Tidlegare meldt framdrift vert endra. Det er no uvisst når det føreligg ferdigstilling av tiltaket.	231 806

Skogsskiftet sentrumsområde	5 700	5 700	0		175 002
Standardheving med vedlikeholdskarakter fylkesveg	55 350	55 440	-90	Endra framdrift er hovudårsaka til venta meirforbruk i 2026. Avviket er knytt til Hansaparken der det står att sluttoppgjer med entreprenør. Dei øvrige tiltaka i potten går som planlagt.	
Trafikksikkerhet	25 900	26 572	-672	Endra framdrift og auka omfang på nokre tiltak i potten. Usikker prognose.	
Fremkommelighetstiltak sykkel	3 900	3 900	0		
Prosjektering diverse fylkesveg og grunnnerv	2 100	2 614	-514	Samlepott for prosjektering og grunnnerv på fremtidige tiltak på fylkesveg.	
Straksinnløsning	12 400	12 400	0	Tiltaket gjeld straksinnløsning av eigedom. Bybanen Utbygging står for innløsinga. Opprettholder prognosen for 2026 pr dags dato. Prognose usikker.	
Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtfærd	1 000	1 000	0		
Nordre Hauglandsveg	5 200	5 653	-453	Det er venta eit mindre avvik i 2026. Usikker prognose.	
Mindemyren, byggetrinn 2	3 100	3 100	0		
Paradis 2. byggetrinn	5 200	5 200	0		
Årstad, Storetveitvegen (Hagerups vei-Fantoft), sykkelanlegg	5 200	2 500	2 700	Framdriftsændring gjer at det er usikker prognose. Det er venta slutthandsaming av reguleringsplan sommaren 2026. Usikker prognose.	
Grimstadvegen	2 000	2 000	0		
Miljøgate Ågotnes - delstrekning 1	1 100	1 100	0		
Storetveitvegen, Hagerups vei-Minde Allé	5 200	5 200	0		
Kjøp av bybanevogner	38 800	38 800	0		
Vedlikeholdstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss	30 000	30 000	0		87 700
Oppgradering holdeplasser	10 400	10 400	0		
Sentrums- og knutepunktsutvikling i Bergen - Oppstartsmidler	500	500	0		
Gangveier til kollektivtraséer	12 000	12 000	0		
Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak	4 200	4 846	-646	Vidareføring av arbeid på Eidsvågvegen og Sletten i 2026. Tiltaka har auka omfang.	
Oppgradering signalanlegg og ASP	1 600	1 600	0		
Drift av sekretariatet i Miljøløftet	11 000	11 000	0		
Reisevaneundersøkelsen (RVU)	1 400	1 400	0		
Sum fylkeskommunalt bidrag	371 420	342 900	28 520		1 220 466

Tabell 6 - Prognose for prosjekt finansiert av fylkeskommunalt bidrag (tal i heile 1000-kr)

Bypakke Bergen

Tabell 7 gir ei oversikt over Bypakke Bergen, med forventa bompengainntekter og prognose for rekvirering av midlar til dei bompengefinansierte prosjekta. Fylkeskommunen og Ferde har levert informasjon om inntekter og kostnader, som ligg til grunn for tabellen.

Prognosen for brutto bompengainntekter i 2026 er om lag 1,3 mrd., som er 183 mill. høgare enn venta inntekt i handlingsprogram 26-29. Prognosen bygger på ei venta årstdøgntrafikk (ÅDT) på 260 000, 3000 høgare enn det som låg til grunn i handlingsprogrammet. Gjennomsnittstaksten er venta å vere 13,30 kroner mot 11,50 kroner i handlingsprogrammet. Auka i gjennomsnittstakst er grunna redusert rabatt for elbilar.

Prosjekt som blir finansiert av bompengar i 2026 er *Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid* og *Forberedende arbeid Bybanen V*, med kostnader på til saman 236 mill. Bergen kommune har ansvar for reguleringsplanarbeidet knytt til Bybanen til Åsane (BT5). Årsprognosen for 2026 ligg over budsjettløyvinga som følgje av endra framdrift, der kostnader som tidlegare var venta i 2027 no er forskjøve til 2026. Det er på rapporteringstidspunktet ikkje venta endring i totalkostnad.

Prognosen viser at netto bompengainntekter, etter rekvirering av bompengar, er om lag 842 mill. Gjelda i Bypakke Bergen var 3,4 mrd. ved utgangen av 2025.

Bypakke Bergen 2026	HP26-29 år 2026	Årsprognose v/T1	Avvik
Brutto bompengainntekt	-1 078 758	-1 262 170	183 412
Netto drifts- og finanskostnader	229 000	184 000	45 000
Netto bompengainntekt	-849 758	-1 078 170	228 412
Forberedende arbeid Bybanen V	175 000	172 000	3 000
Bybanen BT5 reguleringsplanarbeid	50 000	63 850	-13 850
Sum kostnader - bompengefinansierte prosjekt	225 000	235 850	-10 850
Netto bompengainntekt etter rekvirering av bompengar		-842 320	

Tabell 7 - Oppsummeringstabell Bypakke Bergen (tal i heile 1000-kr)